



UNIVERSITETET I BERGEN

Fakultet for kunst, musikk og design

Institutttråd ved Institutt for design

Sak nr.: 24/25	Elements saksnr.: 25/12473
Sakstype: Vedtak	Møte: 27.11.2025

Oppnevning av representant til innstillingsutvalg for tilsetting av ny instituttleder

Bakgrunn

Stillingen som instituttleder ved Institutt for design ble lyst ut med søknadsfrist 19. november 2025, tiltredelse 19.04.2026.

I samsvar med [UiB's personalreglement](#) skal to av medlemmene i innstillingsutvalget representere arbeidsgiver, hvorav det ene utpekt av Institutttrådet ved Institutt for design. Som vedlagte søkerliste viser er det både interne og eksterne søkere til stillingen.

Til saken

Institutttrådet bes om å utpeke en representant som med kjennskap til og engasjement for utvikling av Institutt for design kan bidra til å rekruttere den best kvalifiserte kandidaten for stillingen som instituttleder. Det bes også om at man ved oppnevning vurderer representantens tilknytning og eventuelle habilitetsutfordringer i forhold til søkerne.

Forslag til vedtak:

Institutttråd ved Institutt for design oppnevner arbeidsgiverrepresentant til innstillingsutvalget for rekruttering av ny instituttleder.

Mikkel Wettre Nestleder

Saksbehandler

Åslaug Styve Mjånes

Vedlegg

- Utlysningstekst
- Offentlig søkerliste



UNIVERSITETET I BERGEN

**Universitetet i
Bergen**
Fakultet for kunst,
musikk og design

Jobbnorge-ID: 287815

Søknadsfrist: 19.11.2025

Nettside: <https://www.uib.no/om/84775/ledige-stillinger-ved-uib>

Omfang: Heiltid

Varighet: Åremål

Instituttleiar ved Institutt for design

Kunnskap som formar samfunnet

UiB skal vere blant Europas fremste universitet, internasjonalt kjent for høg kvalitet i forskning og utdanning. Som samfunnsinstitusjon skal vi bidra til ei berekraftig og demokratisk utvikling og vere ein attraktiv og inkluderande studie- og arbeidsplass.

Video: <https://youtu.be/M5n6RnScNgA>

Instituttleiar

Ved Institutt for design, Fakultet for kunst, musikk og design er det ledig ei stilling som instituttleiar (100%) frå 19.04.2026. Tilsetjingsperioden er fire år (åremål), med moglegheit for tilsetjing i ny åremålsperiode etter utlysing.

Arbeidsoppgåver:

Instituttleiar skal drive strategisk leiing og har samstundes det overordna ansvaret for instituttets verksemd. Instituttleiar har personalansvar og innstillande mynde ved tilsetjingar. Hen sit i fakultetet si leiargruppe og rapporterer til dekan, og legg til rette for bruk av tid til kunstnarleg utviklingsarbeid, utdanning og formidling for dei tilsette. Vidare har instituttleiar ansvar for å utvikle og følge opp mål for kunstnarleg utviklingsarbeid, ph.d.-utdanning, utdanning og formidling, utforme verksemdplanar og sikre rasjonell drift og budsjettbalanse. Instituttleiar har HMS-ansvar og ansvar for å utvikle eit godt arbeidsmiljø, skape trivsel og motivasjon og leggje til rette for fagleg utvikling for den enkelte og for fagmiljøet samla. Instituttleiar skal sørge for oppdaterte verksemdsplanar og sjå til at studiekvalitetssystemet av instituttets program er ivare tatt.

Instituttleiar sine viktigaste daglege oppgåver er å:

- Leie og utvikle verksemda ved instituttet med vekt på høg kvalitet i tråd med strategiane til fakultetet og Universitetet i Bergen
- Representere og posisjonere institutt og fakultet, og bidra til internt og eksternt samarbeid
- Bidra til å auke ekstern finansiering
- Skape ein positiv organisasjonskultur og stimulere til eit produktivt og godt arbeidsmiljø
- Leggje til rette for gode prosessar baserte på medverknad frå tilsette og studentar
- Ha budsjettansvar og sikre god drift og økonomistyring etter gjeldande reglar og rutinar
- Arbeide for god kjønnsbalanse i stillingane ved instituttet

Kvalifikasjonar og eigenskapar:

Vi søker ein instituttleiar som har:

- Forskingskompetanse (minimum førsteamanuensisnivå) i eitt av fagområda ved instituttet eller nærstående fagfelt.
- Evne til å arbeide strategisk mot fastsette mål, gode evner til kommunikasjon, dertil evne til å skape tillit og bygge nettverk internt og eksternt
- God innsikt og erfaring i kunnskapsinstitusjonar med dei tilhøyrande krav som vert stilt til administrative tenester og god økonomistyring
- Evne til planmessig handling og utvikling av instituttet innanfor gjevne ressursrammer
- Erfaring frå arbeid med ekstern finansiering

I tillegg blir det lagt vekt på:

- Ein motiverande og inkluderande leiarskil preg av samarbeid, medverknad og dialog
- Erfaring frå forskings- og utdanningsleiing
- Perspektiv på forskning og utdanning i eit breitt fleirfagleg designfelt innan skapande designutdanning nasjonalt og internasjonalt
- Gode kommunikasjonsevner
- Gode kunnskapar i eit skandinavisk språk (norsk, svensk eller dansk) og engelsk. Administrasjonsspråket ved universitetet er norsk.
- Personlege eigenskapar vert vektlagt.

Vi tilbyr:

- Interessante og utviklande leiaroppgåver
- Eit godt og fagleg utfordrande internasjonalt arbeidsmiljø
- Løn etter avtale (stillinga er plassert i kode 1475)
- Støtte til leiarfunksjonen, tilbod om kompetanseutvikling og leiarutvikling.
- Medlemsskap i Statens pensjonskasse
- Gode [velferdsordningar](#)

Søknaden skal innehalde:

- Søknad og CV
- Vitnemål og attestar
- Dokumentasjon på kompetanse som førsteamanuensis eller professor.

Søknad og vedlegg med attesterte omsetjingar til engelsk eller eit skandinavisk språk må lastast opp i JobbNorge

Generell informasjon:

Utfyllande opplysningar om stillinga kan ein få ved å vende seg til: Dekan Åsil Bøthun på e-post: asil.bothun@uib.no eller telefon +47 41329097 eller til fakultetsdirektør Eli Neshavn Høie på e-post eli.hoie@uib.no eller telefon +47 95198327

For tekniske spørsmål knytt til søknadsprosessen ta kontakt med HR ved KMD på: hrkmd@uib.no

Mangfald er ein styrke og gjer at vi kan løyse oppgåvene våre endå betre. UiB treng difor kvalifiserte medarbeidarar uavhengig av kjønn, etnisitet, religion, livssyn, funksjonsnedsetjing, seksuell orientering, kjønnsidentitet, kjønnsuttrykk og alder.

Universitetet i Bergen arbeider målbevisst for økt likestilling og vektlegger kjønnsbalanse og mangfald i ledergruppene. Kunnskap om og resultater fra aktivt likestillings- og mangfoldsarbeid tillegges vekt ved rekruttering av ledere.

Opplysningar om søkjaren kan bli gjort offentlege sjølv om søkjaren har oppmoda om ikkje å bli ført på søkerlista. Dersom oppmodinga ikkje blir teke til følgje, skal søkjaren varslast om dette.

Vi oppmodar søkjarar med funksjonsnedsetjing, innvandrarbakgrunn eller hól i CV-en til å søke. Dersom du kryssar av for dette i søknaden kan du bli positivt særbehandla. Vi inviterer alltid minst ein kvalifisert søkjar frå kvar av desse gruppene til intervju. Nærare om tilsettingsprosessen [her](#).

Om Universitetet i Bergen

Universitetet i Bergen er ein anerkjend utdannings- og forskingsinstitusjon, organisert i sju fakultet og omlag 54 institutt og faglege senter. Campus ligg i sentrale delar av Bergen med universitetsområde på Nygårdshøyden, Haukeland, Marineholmen, Møllendalsveien og Årstad.

Fakultet for kunst, musikk og design består av tre institutt. [Les meir om fakultet](#) og [tilhøyrande institutt](#).

Tilleggsinformasjon

Kontaktpersonar:

- Åsil Bøthun, Dekan
Telefon: +47 41329097 | E-post: Asil.Bothun@uib.no
- Eli Neshavn Høie, Fakultetsdirektør
Telefon: +47 95198327 | E-post: eli.hoie@uib.no

Arbeidsstad:

Møllendalsveien 61 5009 Bergen (Bergen Kommune)

Offentlig søkerliste

287815- Instituttleiar ved Institutt for design (Ref. 2025/12473)

ID	Navn	Alder	Nåværende stilling	Kommune	Kjønn
1	Samantha Smith	46	Førstelektor i kunsthistorie (vikariat)	Bergen	Kvinne
2	Johann Sagan	52	selv	Bergen	Mann
3	Toni Kauppila	52	Professor	Helsinki	Mann
4	Kvaal Gustav	56	Fungerende Instituttleder ved Institutt for design, Fakultet for kunst, musikk og design. Universitetet i Bergen.	Bergen	Mann